

RAPPORT

Haltdalen stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne samanhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	4
Vedtaksprosess og tiltak	5
Grunnmur	5
Retting av kor	5
Gavl i vestvegg	5
Portal	6
Tak	6
Andre tiltak	7
Samandrag	8
Litteratur og kjelder	9
Fotnotar	9

Haltdalen stavkyrkje

Dokumentasjon av
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016
www.ra.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale
kan medføre erstatningskrav og inndraging
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:
Bård Strømgren, Riksantikvaren

Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

LOKAL MEDVIRKING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



Sulagt tak: Det opphavlege sulagde taken under nyare spontekking. Foto: Bård Strømgren, Riksantikvarens arkiv.

Haltdalen stavkyrkje

BYGNINGSBESKRIVING

Haltdalen stavkyrkje vart rive på Haltdalen og er flytt via Kalvskinnet til Sverresborg, der ho har stått hjå Trøndelag Folkemuseum sidan 1937. Ved attreisinga fekk kyrkja ny vestvegg og portal. Kyrkja er lita og består av eit rektangulært skip i vest og eit lågare rektangulært kor i aust, sett saman av delar frå Haltdalen stavkyrkje og vestportalen frå

Ålen, som er datert til omkring 1160. På 1970-talet vart det gjennomført eit utbetningsarbeid ved kyrkja.

TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

Ved synfaring ved Haltdalen stavkyrkje var det klart at det var naudsynt å etablere nye fundament under kyrkja. Gråsteinsmur burde delvis rivast og murast om på nytt, med betre omlegg på stein og tilbakefylling. På hjørnet mellom skipet og kor, fasade sør, hadde skipet «glidd ut» om lag seks centimeter. Gjennom stavkyrkjeprogrammet ville ein forsøke å utbetre denne utglidinga om mogleg. Nokre mindre delar av kyrkja, til dømes «kulene» på stavane, hadde

behov for mindre utbetningar ved spunsing. Ved synfaring av kyrkja vart det oppdaga røteskader i den vestvende fasaden, i toppsvilla midt over døra. Vidare vart det påvist røteskadar i nordveggen i den kuleforma sokkelen på staven i skipet mot koret. I den sydvende fasaden vart det oppdaga røteskade i sokkelen til staven i skipet mot koret. Samstundes viste synfaringa at det var behov for å legge drensleiding langs heile fasaden i nord og til trappa mot vest. Tiler og toppsvill i den vestvende fasaden hadde behov for utbetring. Fasaden i aust mangla drenshol i botnsvilla som vart skift i 1975. Samstundes var det ynskjeleg å få retta opp tilene i kyrkja.



Ny mur: Etablering av ny mur under kyrkja. Foto: Bård Strømgren, Riksantikvarens arkiv.

VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

GRUNNMUR

Med bakgrunn i forholda rundt kyrkja vart det vedteke å drenere rundt heile kyrkja for å utbetre situasjonen og skape stabile forhold ved kyrkjebygget.¹

Muren under kyrkja vart utbeta etappevis, om lag 1,5 meter om gangen rundt heile kyrkja. Bjelkelaget vart stempla opp permanent. Det vart såleis mura opp under med fundament tre stader langs heile lengda av kyrkja.

RETNING AV KORET

Tilene aust i koret var ved

synfaring om lag 10 centimeter ute av lodd. Målet med ei jekking var å rette opp desse tilene. Det vart grundig diskutert korleis jekkinga skulle utførast og det vart gjort vedtak om at ein skulle legge stålbejar på skrå inn under kvart hjørne og jekke på desse. Ved gjennomføringa av jekkinga var det viktig at ein «lytta» til bygget. Om ikkje bygget «ville» bli jekka, så jekka ein heller ikkje. Arbeidet vart gjennomført svært varsamt.² Før jekkinga vart gjennomført vart skråbanda inne i koret demontert. Desse måtte etablerast på nytt slik at stavkyrkja ville halde den

posisjonen den hadde fått etter at jekkearbeida var utført. Då dei eksisterande skråbanda var underdimensjonert vart det montert nye, noko kraftigare skråband.³ Desse vart tilpassa den eksisterande konstruksjonen, handhøvla og festa med spiker.⁴

GAVL I VESTVEGG

Dei øvste tilene i gavlen i vestveggen er etter alt sannsyn opphavlege tiler. Undersøkingar viser at stavlegja her ikkje er opphavleg, heller ikkje tilene på undersida av stavlegja opphavlege. Desse tilene var i dårleg stand. Alle tilene vart



Spontekking : Ny spon over det gamle sulagde taket Foto: Bård Strømgren, Riksantikvarens arkiv.

varsamt merkt og demontert slik at tilene under stavlegja kunne skiftast ut.⁵

Tilene i vestveggen vart bytta ut med tiler som har betre materialkvalitet også her nytta ein tilene i nordveggen som mal for arbeida. Begge tilene på kvar side av portalen vart skift.⁶

Vidare vart det gjort vedtak om portalen.

PORTAL

Portalen frå Ålen som er plassert i vestveggen til kyrkja er frå mellomalderen og er såleis høgst bevaringsverdig. Ved synfaring var det er til dels store røteskader i portalen samstundes som portalen sat veldig laust i

veggen. Slik portalen stod var det stor fare for at portalen kunne bli ytterlegare skadd, til dømes dersom nokon skulle kome hardt bort i portalen. Portalen har vorte spunska fleire gangar tidlegare. I samband med istandsetjinga gjennom stavkyrkjeprogrammet vedtok Riksantikvaren at portalen skulle demonterast og lagrast i magasin, eventuelt utstilling, og at Trøndelag folkemuseum kopierar og monterar ein ny portal.⁷ Arbeidet med kopieringa av portalen gjennomførast i 2016.

TAK

Før arbeidet med taket ved kyrkja vart påbyrja var det tenkt

at det skulle leggjast ny spon på heile kyrkje taket, både skip og kor, som eit tiltak for å utbetre eit vêrslitt spontak. Men då arbeidet med å rive av den gamle spona var ferdig, viste det seg at denne avgjerdsla måtte endrast. Det viste seg at det låg originale sulagte takbord under spontaket. På skipet vart det funne to sulagde bord frå mellomalderen nedst på nordsida av taket, og fire bord frå mellomalderen nedst på sørsida av taket. På koret var det også to originale bord nedst på nordsida av taket, medan sørsida av taket hadde samtlege bord frå mellomalderen, med unntak frå



Sulagt tak: Nytt og opphavleg sulagt tak på skip og kor. Foto: Bård Strømgren, Riksantikvarens arkiv.

det øvste, bevart frå mellomalderen. Dei fleste av takborda var merkt med romartal frå ei tidlegare flytting. Ein vedtok difor å legge spon for å bevare det originale sulagde taket på koret, medan ein på skipet demonterte dei opphavlege takborda for å leggje eit nytt komplett sulagt tak. Dei opphavlege bygningsdelane vart demontert svært varsamt og deretter magasinert. Avgjerdsle med å legge sulagt tak på skipet var ei avgjerdsle som braut med prinsippet om å ikkje drive tilbakeføring ved istandsetjingsarbeidet i stavkyrkjeprogrammet.⁸ Dei nye sulagte borda på taket vart

utforma lik dei gamle, i rikt malma virke.

I samband med istandsetjinga av taket vart det laga nye mønekjolar som vart hogd ut av godt malma virke og montert. Spona var nyprodusert etter mal frå dei gamle. Spona på koret vart tjæra før montering og spikra direkte på det opphavlege takbordet. Etter at arbeidet med taket var fullført vart heile kyrkja tjærebreidd.

ANDRE TILTAK

Det vart gjennomført noko spunsing av mindre delar av bygningsdelar, som til dømes kulene på stavane. Omfanget av

dette arbeidet vart lang mindre enn fyrst tenkt.



Tjærebreidd: Det nye sulagde taket på skipet. Foto: Bård Strømgren, Riksantikvarens arkiv.

SAMANDRAG

Haltdalen stavkyrkje vart rive på Haltdalen og er flytt via Kalvskinnet til Sverresborg, der ho har stått hjå Trøndelag Folkemuseum sidan 1937. Ved attreisinga fekk kyrkja ny vestvegg og portal. Kyrkja er lita og består av eit rektangulært skip i vest og eit lågare rektangulært kor i aust, sett saman av delar frå Haltdalen stavkyrkje og vestportalen frå Ålen, som er datert til omkring 1160. På 1970-talet vart det gjennomført eit utbetningsarbeid ved kyrkja. I 2015 fekk kyrkja nytt fundament i form av ein ny steinmur, samt at koret i kyrkja

vart retta opp. Røteskader vart utbetra, mellom anna vart tileveggen mot vest skift og portalen frå Ålen stavkyrkje er vedteke erstatta av ein kopi i 2016. Kyrkja fekk ny spontekking på koret, medan takflatene på skipet fekk sulagt bordtak, ei tilbakeføring til slik kyrkja opphavleg var tekt. Ved arbeidet med taket vart det oppdaga at den sydlege takflata på koret truleg har opphavleg bordtak intakt. I samband med stavkyrkjeprogrammet vart det halde kurs i produksjon av materiale til bordtak.

LITTERATUR OG KJELDER

LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005.

RAPPORTAR

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke – Referat Befaring* 30.06.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke – Referat Befaring* 18.03.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke – Referat Befaring* 09.07.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 15* 18.02.2016

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 14* 09.12.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 13* 19.11.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 11* 16.10.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 10* 01.10.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 9* 17.09.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 8* 02.09.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 7* 24.08.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 7* 15.08.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 6* 23.06.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 5* 12.06.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 4* 27.05.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 2* 02.05.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 1* 09.04.2015

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkyrkje – Materialkvalitet på bordteking skip*, 2016.

Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkyrkje – Utsifting av portal*, 2015

Strømgren, Bård. *Observerte setninger/skjevheter i bygningen og forslag til utførelse*, 2015

Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.

FOTNOTAR

¹ Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 5* 12.06.2015

² Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke – Referat Befaring* 18.03.2015

³ Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 6* 23.06.2015

⁴ Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 9* 17.09.2015

⁵ Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkyrkje – Referat Befaring* 09.07.2015

⁶ Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke - Referat Byggemøte 10* 01.10.2015

⁷ Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkyrkje – Utsifting av portal*, 2015

⁸ Hagelund, Tore O. *Haltdalen stavkirke – Referat Befaring* 30.06.2015

